



Leirdalen barnehage
Ivegen 2
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1702 - 15/23060

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:
29.12.2015

Vedtak om tildeling av kvalitetsmidlar i 2015.

Meland kommune ved barnehagefagleg rådgjevatene har fatta vedtak om at Leirdalen barnehage får tildelt kr. 362.155,- i ekstraordinært tilskot til styrking av kvaliteten på det pedagogiske arbeidet i 2015.

Kommunestyret i Meland vedtok i sak 85/ 2015 å tildele ekstra kvalitetsmidlar til barnehagane etter søknad frå barnehagane. Midlane er ikkje ein del av minimumstilskotet som omfattar barnehagesektoren og tilhøyrande forskrift og rundskriv.

Meland kommune mottok i juni 2015 søknad om midlar til kvalitetsarbeid i Leirdalen barnehage. Søknadsummen var på kr. 362.155,-. Midlane skal i høve søknaden verte nytta til tiltak som som kan fremme kvalitetsarbeid.

Grunngeving for vedtaket er søknaden frå barnehagen. Den økonomiske stoda gjer at barnehagen treng ekstra kvalitetsmidlar. Leirdalen barnehage har trong for midlar til kompetanseheving og midlar til å ha tilsett formell pedagogisk kompetanse i barnehagen sjølv om denne har mindre barnetal enn tidlegare. Kommunen vil ut frå opplysningane i søknaden med vedlegg, tildele beløpet det vert søkt om.

Dette er eit vedtak etter forvaltningslova §24. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker frå den dagen de får dette brevet. Klagen skal stilast til til den instansen som har fatta vedtaket. Får de ikkje medhald eller delvis medhald vert klagen sendt til den kommunale klagenemda i Meland kommune, og kan verte påklaga.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Leirdalen barnehage

levegen 2

5917

ROSSLAND